

Strandebarm sokneråd

møte tysdag 29. januar 2019 kl. 1830
i Strandebarm kyrkjelydshus

Møte nr. 1 / 2019

Tilstades:

Anne Marie Bogetveit Berge, Brita Kolltveit, Olav Tombre, Anne Kristin Aasen Gjerstad, Åse Sandnes Fosse, Kristian Neteland, Torill Gjerde, Siv Ljones, Ketil Karlsen, Lillian Hjartåker Fosse, Gunn Bjørg Håland Thorbjørnsen, sokneprest Roar Strømme

Anne Marie ynskte velkommen.

Roar fortalte litt frå foredrag ved Bård Nordheim, i Kyrkjehuset på Os, som hadde kåsert om religiøs utvikling i Europa. Mellom anna har prosentane born som vert døypte innanfor Kyrkja gått frå 85 % til om lag 50 % på nokre tiår. Roar meinte at det er viktig å ha respekt for alle, og deira måtar å nærma seg trua på. Nokon trivst best i tette og engasjerande fellesskap, medan andre trivst best bak ei søyle i kyrkja.

Sak 1/19 Innkalling og referat

Ingen merknad til innkalling og til referat frå førre møte. Referatet godkjent.

Sak 2/19 Orienteringar

Kristian refererte til møte i Fellesrådet 16.1., og nemnde særskilt dei løyvingar som er avsette til vedlikehald i Strandebarm 2019.

Hans Soldal vert konstituert i stillinga som kyrkjevevjerje når Olav Skeie Lid går ut i permisjon. Roar orienterte om til personalsituasjonen i staben.

Sak 3/19 Soknerådet si prioritering av tiltak i diakoniplanen

På møtet for soknerådsleiarane i januar vart alle sokneråda oppmoda om å drøfta kva tiltak i diakoniplanen ein ville prioritera. Soknerådet heldt fram m dei tiltaka som er i gang m.a. konfirmantjubileet og konfirmantfesten. Prioritering av nye tiltak: sorggrupper for pårørande (felles for heile kommunen). «Grøn kyrkjelyd» kan orienterast om i m.a. kyrkjebladet.

Sak 4/19 Årsrapport for 2018

Sundag 17.mars skal det vera kyrkjelydsmøte der soknerådet legg fram årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering

Årsrapport for soknerådet og kyrkjelydshuset er ikkje ferdig enno, men reknar med å senda ut før soknerådsmøtet/ presentere det på soknerådsmøtet 12. mars.

Konkret utarbeiding av arbeidsprogram og budsjett er ikkje oppstarta.

Sak 5/19 Rekneskap for 2018

Rekneskap for soknerådet, kyrkjelydshuset og kyrkjebladet er ikkje ferdig enno, men reknar med å presentere det på soknerådsmøtet 12.mars.

Sak 6/19 Strandebarm Kyrkjeblad

Leiar har hatt kontakt med Johannes etter novembermøtet. Johannes har sagt seg viljug til å vera redaktør for kyrkjebladet, og freista fornya det i samsvar med soknerådet sine ynskjer. Økonomisk ser det også lysare ut ved at ein i tillegg til tiltak som har vore drøfta tidlegare så kan det også opprettast Vipps som ein betalingsmåte for kyrkjebladet. Johannes har ei brei kontaktflate og han kan vera ein verdifullt bindelekk mellom kyrkja og bygdene våre.

Det er naturleg å drøfta den vidare framtida for Kyrkjebladet i 2020.

Kristian, Olav og Anne Marie skal ha eit samråingsmøte med Johannes

Vedtak: Strandebarm sokneråd ynskjer at Johannes Børsheim vert redaktør i Strandebarm Kyrkjeblad. Han har sagt seg viljug til å ta på seg den oppgåva. Soknerådet prøver å ha ein fast kontaktperson for kyrkjebladet. I tillegg arbeider ein for å få ein person til å vera med i ei redaksjonsnemd. Det er ein føresetnad at kyrkjebladet etter kvart går i økonomisk balanse.

Sak 7/19 Kyrkjevalet 2019

Nominasjons-nemda: Både Torill og Siv har bede seg fritekne frå å vera med i nominasjonsnemda.

Åse Sandnes Fosse har snakka med, og fått samtykke frå, Berit Bakke og Elna Marie Tufta.

Åse opplyste vidare at berre to av dagens sokneråd har sagt seg viljuge til å halda fram i rådet.

Torsdag 14. februar vert det Valkurs i Norheimsund kyrkje kl 17 – 21

Deltakarar: Soknerådsleiar, nestleiar, leiar i valstyret + kvar den som er interessert

Sak 8/19 Temakveldar:

***Prøysenkveld** med organist Astrid Gjestvang. Ho er positiv, og Roar kan avklara aktuell dato, t.d. 21.2. eller 7.3..

*Jimmi Øvredal. Han er positiv, og Roarkan avklara tema/opplegg og aktuell dato.

* Olav Tombre, Svalbard-kveld . Dato kan tilpassast.

*Tove Kambo Tangerås /Anne Marie B Berge, Pilgrimsvandring mot Roma. Dato kan tilpassast.

* Professor i Rettshistorie, Bjørn Øyrhage Sunde, **Barmhjertighetens historie** Roar kan sjekka tid seinare.

*Soknerådet har fått tildelt midlar til eit internasjonalt tiltak og vi vil arrangera ein internasjonal kveld.

Sak 9/19 Soknerådet sine vurderingar om minnegudstenesta, gudstenester i samband med trusopplæringstiltak og dag for konfirmasjonsgudstenester.

På møtet for alle soknerådsleiarane vart det bestemt at alle sokneråda skal drøfta kva som er sokneråda sine tankar om desse tre typar gudstenester:

1. Minnegudstenesta: Me har hatt den på nyttårsaftan, og soknerådet ynskjer å halda fram med å ha den slik.

2. Gudstenester i samband med trusopplæringstiltak: Prøva å flytta gudstenesta i samband med «lys vaken» til kl. 1000, og held elles fram som no.

3. Konfirmasjonsgudsteneste: Biskopen vil ha sundagar, og datoane for fleire år framover er kunngjort på nettet . Det er difor lite ynskjeleg å ha konfirmasjonen i kyrkja på laurdagar. For dei som dette skapar vanskar for er det kan hende ein ide å ha middagen/festen på laurdag, men den kyrkjelege handlinga vil framleis vera om søndagen.

Sak 10/19 Innspel frå soknerådet om innslag i gudstenester

Soknerådet ynsker seg ein eigen "kontaktorganist" for Strandebarm.

Organistane har fått liste over personar i Strandebarm som kan tenkjast å vera med på musikalske innslag i kyrkja.

Møtet avslutta med Fadervår kl. 2030.

Olav Tombre

ref